

PRESSEMELDING 4. januar 2011

Allkunne krev erstatning:

– Wikipedia bryt åndsverkslova

Det digitale, nynorske oppslagsverket Allkunne.no skuldar Wikipedia for plagiat og systematisk, ulovleg bruk av stoff frå Allkunne.no.

–Vi kan dokumentere at Wikipedia har publisert rein avskrift frå Allkunne. Dette er brot på norsk lov og må få fylgjer, seier ansvarleg redaktør og dagleg leiar i Allkunne, Audhild Gregoriusdotter Rotevatn.

Plagiatet gjeld ein artikkel av Per Halse om salmediktaren Arve Brunvoll. Det var forfattern sjølv som avslørte plagiatet. Allkunne publiserte artikkelen 3.9.2009 etter vanleg redaksjonell vurdering og språkvask. Artikkelen på Wikipedia nynorsk blei først publisert 5.6.2010, og er sist oppdatert 16.7.2010. Artikkelen på Wikipedia bokmål blei lagd ut 15.7.2010 av ein annan brukar, og er sist oppdatert 30.7.2010.

– Artikkelen til Halse er opphavsrettsleg verna og kan etter åndsverkslova ikkje nyttast av andre utan samtykke på førehand. Slikt samtykke er ikkje gitt, verken av Allkunne eller Halse, seier Rotevatn.

Vidare føreset åndsverkslova at det skal opplysast om både opphavsmann og opphavleg utgivar/kjelde, i tråd med god skikk ved attgiving av verna verk. Artiklane til Wikipedia inneheld inga slik form for kreditering.

Så vidt Allkunne kjenner til, er dette fyrste gongen Wikipedia vert skulda for plagiat.

Allkunne kan også dokumentere at Wikipedia systematisk bruker tekstar frå Allkunne ulovleg, både gjennom direkte avskrift og ulovleg publisering.

- Vi reagerer sterkt på denne praksisen. Allkunne krev erstatning for ulovleg bruk og oppreising for ikkje-økonomisk skade på til saman 75 000 kroner, og at Wikipedia dekkjer alle sakskostnadene våre, seier Audhild Gregoriusdotter Rotevatn.

Allkunne.no er eit digitalt, nynorsk oppslagsverk, utgitt av Allkunne AS, som er eigd av Nynorsk kultursentrum og Det Norske Samlaget. Dagleg leiar er Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Ottar Grepstad er hovudredaktør og styreleiar er Kari Bjørke.

KONTAKTINFORMASJON

Advokat Hans Marius Graasvold: 400 38 800

Dagleg leiar Audhild Gregoriusdotter Rotevatn: 908 43 977

(Rotevatn er no i fødselspermisjon, men fungerande dagleg leiar Linda Halse Digernes er tilgjengeleg for kommentar i saka.)

Linda Halse Digernes: 971 69 052 / 700 47 595

Styreleiar Kari Bjørke: 977 07 962

VEDLEGG

Foto: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (foto: Bjørn Vatne)

Brev frå Allkunne AS til Wikipedia 3.1.2011

Allkunne-logo